


Årsmelding 2012 for A/L Atløy

Styresamansetning:

Leiar:	Sølve Brændø
Medlemmer:	Gunnar Hovda Vigleik Færøy Sander Ødelien Ludvig Sandvik
Varamedlem:	Per Færøy
Sekretær for styret:	Kystmuseet
Revisor:	Deloitte & Touche

Styret har hatt fire møter i løpet av 2012. Viktige saker som styret handsama var:

- Drift/mannskapssituasjon -
Det er stadig behov for nye krefter som kan ta vare på kontinuiteten i drifta av båten. Situasjonen har heller ikkje i 2012 endra seg i positiv lei.
- Kommunikasjonen mellom Atløys Vener og styret i AL Atløy, var vanskeleg også i 2012. I desember 2012 gav Atløys Vener uttrykk, i brevs form, for misstillit til styreleiar i AL Atløy. Som ei direkte følgje, trakk styreleiar seg frå vervet som leiar- og medlem av styret til AL Atløy.
Sander Ødelien overtok leiarvervet inntil det er halde nytt val på neste årsmøte.
- Restaureringsarbeid - Atløy har vore i Dåfjord og fått utført restaureringsarbeid på stålplatene i skråg. I tett dialog med skipskontrollen om godkjenning av sertifikat som skal til for å halde båtetn i drift, har det vore muleg å utføre store arbeid med skifting av stålplater samtidig som båten har blitt drifta i sesongen. Det har vore søkt om midlar hos Riksantikvaren og Fylkeskommunen, som i 2012 ikkje vart stetta. Det vart svara med klage på vedtaket om ikkje å gje tilskot til restaurering av MS Atløy i 2012. Klagen vart ikkje teken til følgje.
- På styremøtet i oktober deltok revisor for å informere om at AL Atløy må over i ei ny selskapsform. Det vart gjort greie for prosessen, som må settast i gong før 2013. Parallelt med at andelslaget Atløy skal avviklast, må det dannast eit nytt selskap. Nye vedtekter som står i høve til ny selskapsform, må utarbeidast. Revisorkontoret Deloitte arbeidde med grunnlaget for omdanning og la fram forslag om eigna organisasjonsform, vedtekter og utarbeider avgjerdsgrunnlag, som blei lagt fram for styret. Dei vil også følgje opp registrering av endringa i Foretaksregisteret.



Det vart påpeikt at tilhøvet mellom selskapsstyret og venelagt som driftar båten, må formaliserast med tydeleg avtale som regulerer drift og forvaltning av MS Atløy.

Styreleiar og Kystmuseet har saman med Deloitte utarbeidd forslag til nye vedtekter. Styret sitt forslag er at **foreining** blir valt som ny selskapsform. Namneendring frå AL Atløy til Veteranbåtlaget Atløy, skal fremjast på neste årsmøte.

Det har ikkje vore utbetalt styregodtgjersle.

Valnemnd: Leif Kvalvik og Johan Toft

Hovudtala i økonomien:

I årsresultatet for 2012 vart det eit regnskapsoverskot på kr. 240 971,23 mot eit underskot i 2011 på kr.728 895,67.


Inntekter	2012	2011
Leigeoppdrag	693 710,00	400 425,00
Tilskot	700 000,00	650 000,00
Utgifter		
Sum driftskostnader	1 156 858,77	1 787 267,67
Gåver/ tilskot		
Atløys Venner (rentefritt lån)	700 000,00	0,00
Skadeutbytte Gjensidige	2 236,00	0,00
Fylkeskommunen	0,00	0,00
Riksantikvaren	0,00	650 000,00

Likestilling

I styret til A/L Atløy har det vore berre menn. Målsetjing er å få ein jamnare fordeling ved framtidig val.

Drift

A/L Atløy meiner det er grunnlag for framtidig drift av båten.



Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet vert rekna som godt om bord på Atløy.

Det vert ikkje produsert utslepp eller anna som gjev miljøskader, og er ikkje regulert av konsesjonar eller miljømessige restenksjonar.

Aktivitet

Andelslaget har ingen fast tilsette. Atløys Venner har lagt ned over 1 500 dugnadstimar i 2012.

Atløy var i Dåfjord på vår og haust og fekk gjort arbeid med stålplatene i skroget. Arbeidet vart ikkje ferdigstilt i 2012. Det er tett dialog med skipskontrollen i forhold til å få godkjent fartsertifikat, parallelt med at restaureringsarbeidet på båten blir gjort.

Arbeidet med å ha båten i drift samtidig som det blir utført store restaureringsarbeid, er i seg sjølv ei stor utfordring.

Som resultatet viser har det vore god aktivitet på leigeverksemda i 2012

«Fjordafërda» til Sogn med sal av fisk og grønnsaker, var også i år vellukka, med god omsetting.

Båten har ikkje fått statleg eller fylkeskommunalt tilskot i 2012.

Viser elles til eiga årsmelding for venneforeininga når det gjeld drift.

Sølv Brændø

Ludvik Sandvik

Gunnar hovda

Vigleik Færøy

Sander Ødelien